

Reglar for bruk av Skjåkhallen til organisert trening.

Generelle smittevernreglar gjeld i Skjåkhallen som i resten av samfunnet, til dømes at alle med symptom på luftvegsinfeksjon skal halde seg heime og at det skal vera ein meter avstand mellom kvar person både inne og ute.

I tillegg kjem følgande reglar sett av smittevernlege.

- 1) Bruka av Skjåkhallen føreset at tal på brukarar i treningsgruppa ikkje er over 20 stk, namn på ansvarleg kontaktperson og tidspunkt for bruk er avtala med kommunen. To grupper kan bruke hallen samtidig, så lenge det ikkje er kontakt mellom gruppene.**
- 2) Ansvarleg kontaktperson skal føre liste over personane i gruppa. Denne lista skal ved forespurnad kunne bli framvist i inntil 14 dagar etter bruk. Dette i tilfelle seinare smitteoppsporing.**
- 3) Før bruk skal kontaktflater vaskast med såpevatn og papir eller spritklut. Dette gjeld dørhandtak, benkeoverflater, kraner og eventuelle andre berøringspunkt. Brukargruppene må sjølve stille med spritklutar eller såpe.**
- 4) Skulen sine inndelingar i kohortar må vere utgangspunkt for samansetting av treningsgrupper på fritid for elevar i grunnskulen. To og to kohorter kan samarbeide, men ikkje blandast innadørs. Kvar gruppe skal ikkje ha elevar frå meir enn maksimalt to kohortar (les klassetrinn). Kva for to klassetrinn som samarbeider skal vera likt for alle gruppene som brukar Skjåkhallen.**
- 5) Det er ikkje høve til å opphalde seg i inngangspartiet. Venting skal skje utandørs. Personar som oppheld seg i inngangspartiet skal bortvisast og oppmodast om å opphalde seg utandørs.. Dører skal så lang det let seg gjera stå opne for å unngå berøring med kontaktpunkt.**
- 6) Treningane skal ikkje vera opne for tilskodarar.**
- 7) Gruppene er sjølv ansvarlege for reingjering av utstyret dei brukar. Dette skal gjerast etter retningsliner sett av gruppene sine særforbund.**
- 8) Etter bruk skal kontaktflater vaskast med såpevatn og papir eller spritklut.**

Personar som ikkje overheld reglane vil bli vist bort.